Fitjarøyane

STRANDFLATE OG SPREKKESYSTEM

Studerer vi øyriket sør for Selbjørnsfjorden frå lufta eller på eit sjøkart, vil vi leggja merke til at mange av øyane er avlange og ligg på rekkje og rad. Øyane er skilde av lange sund, til dømes Trollosen, Nyleia og Hjelmosen, som strekkjer seg i retninga sør-søraust til nord-nordvest.

Under istidene grov isbreane ut sunda etter eldgamle sprekkar og forkastingar med svakare berg enn fjellet omkring. Sprekkane og forkastingane er av same slaget og har same retning som sund og dalar i store delar av Sunnhordland. Stokksundet mellom Stord og Bømlo, og Langenuen mellom Stord og Tysnes, vart til på same viset som sunda i Fitjar.

Fjellet sprakk opp langs sør-søraust- til nord-nordvestretninga alt i silurtida. Nokre få av dei smale spaltene vart då fylte med oppsmelta bergmassar som størkna som granitt. Geologane kallar størkningsbergartane i slike spalter *gangar.* Nokre av granittgangane inneheld store, fine flak av mørk glimmer (biotitt). Mange stader i Sunnhordland kan ein visa at det var rørsle langs desse forkastingane seinare òg, både i perm og i trias. Då trengde det opp ny steinsmelte som vart til diabasgangar (Ⓡ292). Det finst eit døme på slike gangar på nordvestsida av Vassøy vest for Trollosen, og truleg ein god del fleire under vatn i sunda. Men det er granittgangane som er lettast å sjå.

Landskapet over og under vassflata i området der Fitjarøyane ligg, er ein del av strandflata (Ⓣ57). Strandflata i Fitjarøyane er ikkje heilt jamn, men toppen av øyane har om lag same høgd (50–70 meter).

Utsnitt av sjøkart frå det danske sjøkartarkivet frå 1798, teikna av Poul Løvenørn.

Unntaket er den største øya, Fonno, som er noko høgare. Det er ofte bratte skråningar eller små stup ned mot sjøen. Skråningane følgjer flater der fjellet ein gong sprakk opp. Det ureine farvatnet med grunnar, båar og skjer er òg ein del av strandflata. Dei største sunda er så djupe at dei utgjer trygge seglingsleier.

SIKEN PÅ ENGESUND

Sik vart registrert i vatnet på ENGESUND alt i 1920-åra, men kan ha vore der lenge før det. Næraste bestanden elles er på Jæren, og fisken har truleg ikkje funne vegen hit utan hjelp frå menneske. Det var mykje trafikk til gjestgivarstaden Engesund i tidlegare tider, så siken kan nok ha kome hit med handelsskip på veg mot nord.

Sik er ein framifrå matfisk som livnærer seg på botndyr og plankton. Sportsfiske er krevjande. Vanlegvis må ein ty til garn for å fanga han, men i vatnet på Engesund skal ein opp gjennom åra ha fått mange på makk og krok. Er forholda dei rette, kan siken bli fleire kilo. Men på Engesund er fisken småfallen – om lag som sild av storleik. Prosenten gamle fiskar er stor, slik det ofte er i tette bestandar med lite næring, der fisken ikkje veks normalt.

Vatnet som siken finst i, er drikkevasskjelda til hovudhuset på Engesund. Derfor tillèt ikkje grunneigarane sportsfiske.

Stein Erik Gilje

Den gamle handelsstaden Engesund, gjestgivarstad i 350 år – og truleg indirekte årsak til at Hordalands einaste førekomst av sik finst nettopp her. (Helge Sunde)